

## Reguleringsføresegner til reguleringsplan for del av næringsarealet i Haukeli.

Dato for siste endring :

Dato for siste endring av reguleringsplankartet :

### 1. GENERELT

1.1 På planen er det regulera området visa med reguleringsgrense.

1.2 Området er regulera til fylgjande formål :

### BYGGEOMRÅDE

Offentlege bygningar

### OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

Kjøyreveg  
Anna veggrunn

### FRIOMRÅDE

Park

### FAREOMRÅDE

Høgspentanlegg

### SPESIALOMRÅDE

Parkbelte i industristrøk

Frisiktsone

### FELLESOMRÅDER

Felles tilkomst

### BLANDA FØREMÅL

Forretning/industri

## FELLESREGLAR

### 1. Byggesøknad :

I samband med søknad om tiltak som nybygg, tilbygg og ombyggingsarbeid skal det leggest ved ein situasjonsplan i målestokk 1 : 500, som syner nye bygningar og korleis den ubygde delen av tomta skal planerast og nyttast. Kartet skal syne evt. støttemurar, gjerde, areal for parkering, vegetasjonsbruk, stell av vegetasjon, avfallstativ, terrengforming med påsette høgder, vegar med skjæringar og fyllingar. Bygningar skal vere tilpassa landskap og lokal byggeskikk. Moderne bygningar kan likevel godkjennast dersom prosjektet syner gode kvalitetar, er godt dokumentert og utarbeidde av sivilarkitekt.

### 2. Byggegrenser

Mot E-134, 30 m frå senterlinje til vegen.

Mot Rv 362, 30 m frå senterlinje til vegen.

Mot kommunal veg, inne på eksisterande industriområde, 12,5 m frå senterlinje til vegen.

### 3. Ubygd areal

Ubygde delar av tomta skal vera mest mogleg naturleg. Ei evt. omforming av tomta og planting må gjerast på ei tiltalende måte og synast i situasjonsplan, jfr. pkt.1.

### 4. Rekkefylgje.

Felles parkeringsplasser og utomhusområde, skal gjerast ferdig samtidig med bygningane. Privatrettslege avtaler i strid med planen kan ikkje gjevast.

## 2. BYGGEOMRÅDE

### 2.1 Offentlege bygningar

Eksisterande uthus/utløe kan settast i stand i opphavelig byggeskikk og nyttast til lager.

Pumpehus er kommunalteknisk anlegg.

## 3. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

Veg 1 er E-134.

Veg 2 er Rv 362.

Anna veggrunn er sideterreng, fylling og snøopplag.

#### 4. FRIOMRÅDE

Friområde er offentlege naturområde med tilgang for alle. Friområdet kan opparbeidast til leikeplass med sandkasse og benkeplassar. Vegetasjonen skal så langt råd er takast vare på.

#### 5. FAREOMRÅDE

##### 5.1 Høgspentanlegg

Det vert sett av ei sikringsone på 10 meter til kvar side målt frå senterlinje ledning. Bygning eller andre anlegg som kan vera i strid med sikringsreglar er ikkje lov.

#### 6. SPESIALOMRÅDE

##### 6.1 Parkbelte i industristrøk

Parkbelte er skjermingsbelte av eksisterande vegetasjon. Vegetasjonen skal så langt råd er takast vare på og ha regelbunde stell, evt. nyplanting. Parkeringsplassar kan ikkje vere nærare senterlinje til E-134 enn 20 m. Vegetasjonen mot E-134 kan vera høgstamma tre, men må ha preg av samanhengande vegetasjon.

##### 6.2 Frisiktsone

Innafor frisiktsona skal det vera fri sikt over ei høgde på 0,5 meter over tilstøytande vegbane. Vegetasjon og ting høgare enn 0,5 meter er ikkje lov i frisiktsona.

#### 7. FELLESOMRÅDE

##### 7.1 Felles tilkomst

Tikomsten er felles veg til forretning/industri. Regulera vegbreidde er 10 meter. Breidde på køyrebanen er 6 meter.

#### 8. BLANDA FØREMÅL

##### 8.1 Forretning/industri

Innanfor reguleringsføremlålet synt med grenser kan det byggast forretning/industribygningar. Bygningar kan ha ein til ein og einhalv etasje og saltak med takvinkel mellom 22 og 35 grader. Evt. uthus, lager skal ha saltak med same takvinkel som hovudhus. Krav til takvinkel og saltak kan med unnatak fråvikast om krav i byggjesøknad er fylgt, jfr. plankrav og planar utarbeidde av sivilarkitekt. Totalt bygd areal (med lager/uthus) på kvar tomt er 40 % av tomtegrunnen.